

REFERAT MØTE 5/19 – FYLKESVEGRÅDET

Møtedato: 09.05.2019 Tid: 08.30-12.00 Møtestad: Fylkeshuset

Møteleiar: Håkon Rasmussen

Referent: Jon-Rune Smørdal

Deltakarar: Frå Statens vegvesen (SVV): Gunhild Vangsnes, Kari Beate Rong, Beate Mæsel, Hege Løtveit, Carl-Erik Nielsen og Knut Helge Olsen

Frå Hordaland fylkeskommune (HFK): Håkon Rasmussen, John Martin Jacobsen, Rolf Rosenlund, Torill Klinker, Jon-Rune Smørdal, Bente Utne, Nils Vetlesand og Matti Torgersen

Fråvære: Hans-Christian Engum, Grethe Vikane og Håvard Mørch Hunskaar

Kopi til: Ingrid Holm Svendsen og Solveig Hollund

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Saksliste og innkalling vart godkjent.

Godkjenning av referat frå førrøn møte:

Referatet frå møtet 04.04.2019 vart godkjent.

1. Orientering om 1. tertialrapport og budsjetjusteringar 1. halvår SVV v/Kari Beate Rong

Tertialrapport frå SVV vart presentert. Det vart drøfta kva som bør omtalast i 1. tertialrapport som økonomiavdelinga er i gang med å utarbeide. Budsjettseksjonen vil ha eigen gjennomgang med repr. frå SVV og Samferdselsavdelinga om detaljar rundt dette 10. mai.

Det er behov for å gjere diverse oppgraderinger av landareal ved nokre ferjekaiar i samband med oppstart av nye ferjekontraktar. Samferdselsavdelinga har sendt ei bestilling til SVV for å få utgreia aktuelle tiltak og kva dei vil koste.

Oppfølging: Det vert innkalla til eit arbeidsmøte for å avklare bestillinga nærmare og kva som hastar mest med å få gjort noko med. Eventuelle behov for budsjettjusteringar må ein kome attende til.

2. Alverstraumen bru - status og vidare framdrift, SVV v/Hege Løtveit

Hege Løtveit gjekk gjennom status og prosessen vidare inkl. alternative måtar å arrangere arkitektkonkurranse. Det er forventa vedtak i KDP i slutten av sept. om alt går etter planen, og så kan reguleringsplanarbeidet starte opp etter dette.

Oppfølging: Samferdselsavdelinga vil innkalle SVV, Bybanen utbygging og eigedomsseksjonen i HFK til ein idedugnad og erfaringsutveksling, samt for å avklare vidare prosess for ein arkitektkonkurranse og inngåing av kontraktar med fagkonsulentar.



3. Status for gjennomføring av prioriterte prosjekt i planprogram 2019. Avklare kapasitet og framdrift for planlegging av fv.107 Nordrepollen-Austrepollen og forprosjekt for fv.551 Furebergtunnelen.

Status for prosjekta i planprogrammet vart gjennomgått av SVV v/Hege Løtveit.

Det er stor pågang etter georessursane i SVV for tida. SVV har derfor ikkje kapasitet for å gå i gang med oppstart av reguleringsplan for strekninga Fv. 107 Nordrepollen-Austrepollen før 4. kvartal 2019. Vidare vart det semje om å avvente inntil vidare forprosjekt for Fv. 551 Furebergtunnelen.

4. Status for inngåing av nye driftskontraktar og prisnivå i forhold til gamle kontraktar, orientering frå SVV v/Knut Helge Olsen

SVV orientere om status. Prisnivå kan i følgje SVV ikkje offentleggjerast no.

5. Bindingar driftsbudsjetten 2020 – tilbakemelding på bestilling, SVV v/Knut Helge Olsen

SVV gikk gjennom kva bindingar dei meiner ligg i driftsbudsjetten for 2020, som er meldt inn som ein del av budsjettprosessen for 2020.

Økonomidirektør orienterte kort om budsjettprosessen vidare, som kjem fram i saker lagt fram for Fellesnemnda.

6. Tømmertransport, SVV v/Gunhild Vangsnes og HFK v/Jon-Rune Smørdal

Dialog med skog- og trenæringa

I november 2018 tok Vestskog, som representerer om lag 2/3 av næringa på Vestlandet, kontakt med Hordaland fylkeskommune. Dei ønskte ein dialog om utfordringane knytt til framkome på fylkeskommunale vegar og ville drøfte moglege tiltak. Det vart arrangert eit møte mellom Vestskog og representantar frå fylkeskommunen og Statens vegvesen i desember 2018. Vestlandet og Hordaland har mange fylkesvegar der bruksklassen for tømmertransport er ein flaskehals.

Statens vegvesen og Samferdselsavdelinga har i løpet av vinter og vår 2019 vurdert innspela frå Vestskog. Den 6. mai 2019 vart det arrangert nytt møte mellom Vestskog, Statens vegvesen og samferdselsavdelinga. Statens vegvesen møtte med ei tværfagleg gruppe som er involvert i ulike saker som gjeld tømmertransport. Hovudkonklusjonen frå møtet var følgjande:

- Partane vil jobbe inn mot Vegdirektoratet for å sjekke ut om det er mogleg å få til litt større fleksibilitet i regelverket for å kunne tillate tyngre og/eller lengre køyretøy. Føresetnaden må då vere at det ikkje skadar vegen og ikkje går ut over trafikktryggleiken. Det må definerast konkrete krav som må oppfyllast av transportør og tidsavgrensing må vurderast.
- Vestskog var positive til at ein har fått til ein god dialog. Ein får då større forståing for kva som er bakgrunnen for forvaltinga av fylkesvegane og kva som er realistske forventingar til å få gjort noko med.
- Skog- og tømmernæringa vart invitert til å gje innspel om kva som er dei største flaskehalsane og så vil vi saman sjekke ut kva som er mogleg å gjennomføre. Prioritering av eventuelle tiltak, som fylkeskommunen skal betale, må følgje dei ordinære prosessane for utarbeiding av budsjett og RTP med handlingsprogram.

Statleg tilskotsordning – program med prioriterte tiltak for utbetring av falskehalsar for tømmertransport som er sendt på høyring

I Nasjonal transportplan 2018-2029 vart det lagt til grunn ei tilskotsordning som retta seg mot flaskehalsar for tømmertransport på fylkesvegane. I forslag til program, som no er sendt ut på høyring, er det tatt som utgangspunkt at heile programmet skal gjennomførast i perioden 2018-2023 og ramma er på om lag 320



mill. 2019-kr. Det skal årleg delast ut om lag 73 mill. kr dei komande 4 åra. Fylkesrådmannen vil legge fram sak om tilskotsordninga til MISA 5. juni som går vidare til fylkesutvalet 20. juni.

Utgangspunktet for tilskotsordninga er å finansiere forsterkningstiltak på bruer som ikkje tåler 60 tonn totalvekt. Forslag til prioriterte tiltak er sett opp for åra 2020-2021. Det er vidare lagt opp til å sende på høyring program for åra 2022-2023 i løpet av våren 2021. I forslag til program som er sendt på høyring er det 3 tiltak på bruer i Voss som er prioritert med til saman 9,5 mill. kr i 2020. Prioriteringane av bruene er gjort på bakgrunn av innspel frå næringa og Statens vegvesen har gjort kostnadsanslag og kvalitetssikra at tiltaka er mogleg å gjennomføre. Fylkesvegrådet har ut frå dette ikkje grunnlag til å foreslå endringar i prioriteringane. Fylkeskommunen står ansvarleg for å dekke eventuelle ekstrakostnadene i prioriterte prosjekt, så det må sjekkast ut risikoene i dette.

7. Rapport om behov for utbetringar av Folgefondtunnelen, vegen vidare og innhald i politisk sak. HFK v/John Martin Jacobsen og Jon-Rune Smørdal

Fylkesrådmannen vil legge fram sak om behov for utbetringar av Folgefondtunnelen til MISA 5. juni som går vidare til fylkesutvalet 20. juni. Fylkesvegrådet drøfta kva moment som bør vektleggast i saka, som og er ei oppfølging av sak til fylkesutvalet juni 2018; utbetring etter «Tunnelsikkerhetsforskriften».

Rapporten viser at kostnadsanslag for å innfri krav i «Tunnelsikkerhetsforskriften» i Folgefondtunnelen har auka mykje og det vil gjere det enda meir utfordrande å få gjennomført oppgraderinga.

Fylkesvegrådet tilrår at oppgraderingsbehov i Folgefondtunnelen vert sett i samanheng med ein samla plan for tunneloppgradering i nye Vestland fylkeskommune. Det er også behov for å vurdere nærmare om det er mogleg å søkje unntak frå krav for å få ned kostnadane.

Fylkesvegrådet tilrår at risikoreduserande tiltak som kan gjennomførast før oppgraderinga utan store meirkostnadene (alternativ 0), vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2020.

8. Regionreforma/sams vegadministrasjon – siste nytt

Prosess for å tilsette mellomleiarar og innpllassering av tilsette er godt i gang og nærmar seg slutføring.